

Sentralidrettsanlegget på Gol:

Bruksanlegg til glede for alle

Anlegget bygd under kostnadsoverslaget

Avgjørelse om EMBRIK LUKSENGARD

Dette er heilt fenomenalt. Eg kan ennå ikke fatte skikkelen at me har fått eit så flott idrettsanlegg her i Hallingdal. Dette skal bli eit bruksanlegg til glede for heile Gol og resten av Hallingdal.

Ungdoms- og idrettssekretær i Gol, Jon Brunborg, er tydeleg tilfreds der han kikkar utover det nye sentralidrettsanlegget i Gol. Nede på banen legg dyktige arbeidsfolk på dei siste kvadratmetrene med kunstgras. Om nokre dagar er anlegget klart til bruk.

Og fornøgd har Brunborg god grunn til å vera. Hallingdal har fått sin første fotballbane med kunstgras, og i tillegg rommar anlegget eit flott friidrettsstadion. Alt dette har golingane greidd å bygge for ein halv million kroner under det oppsette kostnadsoverslaget på 5,3 mill kroner for topp-dekket. Samla kostnad for anlegget er på omlag 8 mill. kroner.

Ikkje berre fotball

Det nye idrettsanlegget på Gol tilbyr mange ulike aktivitetar. Kunstgrasbanen kan nyttast både til fotball og handball, medan friidrettsanlegget gjev ypperlege forhold til alle friidrettsaktivitetar bortsett frå diskos, slegge- og spydkast.

Desse aktivitetane vil på grunn av kunstgraset måtte foregå på grusbanen ved Hallingmo omlag 150 meter unna. Elles vil det bok det eine fotballmålet vera plass nok til ein tennisbane, og friidrettsbanen er såpass stor at den kan nyttast til skøytebane om vinteren dersom det er ønske om det.

24 timars-bane

Ein av fordelane med kunstgrasbane, er at den i teorien kan nyttast både til fotball og handball, medan friidrettsanlegget gjev ypperlige forhold til alle friidrettsaktivitetar bortsett frå diskos, slegge- og spydkast. Dette vil gje ypperlige treningsforhold, og spesiell betydning trur eg dette vil ha for dei aldersbestemte klassane. Det blir langt lettare å trenere teknikk på denne banen som er heilt slett og fin. Spelarane vil kunne slappe seg skikkeleg laus her, seier fotbaltrenar i Gol, Svein Olav Tovsrud.

Raskare bane

Fleire av fotballalla i Gol har alt prøvd det nye kunst-

dekket, og kommentarane frå spelarane er udelte positive. Ballen går raskare og meir presist på kunstgraset i forhold til på vanleg gras. Grasteppet som er lagt på Gol, er også så tett at det ikkje blir særlig braneskader dersom ein skir på banen. Teppet er rent og fint, sikker til stor glede for mange foreldre som får borna heim frå trening med skitne treningsklær. Teppet ser omrent ut som matter som ligg framfor ytredører bortsett frå at det er mykje tettare og mjukare.

Topp friidrettsbane

Friidrettsbanen er dekket med eit sprøyta belegg som er mjukt og godt å springe på. Løpebanen får sekts felt, og er heilt på høgde med dei beste friidrettsbanane i Norge. Det er bygd vanngrav i tilknyting til banen, og elles har lendegropa og område for kulestøt og stavsprang fått sine bestemt felt på friidrettsanlegget. Det anlegget ikkje kan by på av friidrettsøvingar, er diskos, spyd- og sleggekast. Desse øvingane må foregå på grusbanen Hallingmo omlag 150 meter unna.


- Sjølv om me synes det er litt synd ikkje å kunne utføre alle friidrettsøvingar på det nye anlegget, så ser me verkeleg fram til å ta anlegget i bruk. Me synes friidrettsanlegget ser skikkeleg flott ut, og me håpar det vil føre til større interesse for friidretten i Gol, seier formann i friidrettsgruppa, Toril Nyborg.

Stor dugnadsinnsats

Topdekket på det nye idrettsanlegget er lagt for godt under kostnadsoverslaget som var satt opp. Dette har dei greidd på grunn av ein iherdig dugnadsinnsats frå medlemmane i Gol idrettslag. Formannen i laget, Asbjørn Windingstad, opplyser at dei har spara inn omlag ein halv million ved dugnadsarbeidet. Folk har rydda, støpt betongkant rundt heile anlegget, sett opp gjelder og stilt opp med maskiner, alt saman på dugnad.

Kommunen positiv

Den totale kostnaden for anlegget er på omlag åtte mill. kroner, og av dette har kommunen kosta i overkant av fem millionar. Resten har vorte kosta med STUI-midlar og tilskot frå fylket. Topp-dekket som blant anna inneber



■ Det nye sentralidrettsanlegget på Gol med kunstgras og innbydande friidrettsbane er klar til bruk om nokre dagar.

finplanering, kunstgrasdekking, løpebane og gangvegar, har kosta 5,2 mill. kroner.

- Kommunen har vore samstemmig i spørsmålet om å løyve midlar til anlegget, og me såg det også som ein verdi å bygge eit anlegg som kunne nyttast mykje. Me valde derfor kunstgras som sjølvsgått vart dyra enn vanleg gras, men me trur også at me kan spara inn ein del fordi dette krev mindre vedlikehald, seier ordførar Ola I. Bjørnebråten.

- Anlegget er heller ikkje ferdig slik det er i dag, og eg reknar med at viljen er til

stades blant politikarane til å løyve pengar slik at anlegget kan fullførast heilt, seier Bjørnebråten. Det som manglar, er blant anna tribuneanlegget.

Raskt arbeid

Arbeidet med topp-dekket på idrettsanlegget har gått veldig raskt. Etter juletidar i fjor starta planleggingssabedet, og legginga av dekket har foregått i sommar av eit tysk firma. Kunstgras og friidrettsdekket er kjøpt i Tyskland, og kunstgraset er det einaste av sitt slag i Norge, opplyser undoms- og idrettssekretær Jon Brunborg.

Han seier vidare at kunstgrasbanen vil bli leigd ut til andre klubbar i Hallingdal for ein timepris på omlag 250 kroner sommarstid og 500 kroner vinterstid. Dette er langt billigare enn på kunstgrasbanar i t.d. Drammensområdet. Alt i haust vil det bli opning av anlegget, mellom anna med revansjeopgjør mellom Gol sitt jentelag og Koll. Dette tilstøttest som kjent i finalen i Norway Cup i sommar. Den offisielle opninga av anlegget vil skje til våren.

- Idrettsanlegget her på Gol skal bli eit bruksanlegg.

Kunstgrasbanen tilsvrar 10-15 vanlege grasbanar når ein reknar brukstida, og i tillegg har me fått eit fullverdig friidrettsanlegg.

Anlegget vil bety mykje for idretten i Gol og elles heile Hallingdal, seier ein storformann i Gol idrettslag, Asbjørn Windingstad.

Når sentralidrettsanlegget på Gol no står ferdig, er det for mange idrettsinteresserte golingar ein gammal draum som har vorte ein realitet. Gol har fått eit idrettsanlegg som dei med rette kan vera stolte av.

Smidigere kiropraktor-refusjon

Forbrukerrådet ber om at det må gis refusjon fra trygdeverket etter behandling hos kiropraktor uten henvisning fra lege. Dette vil gjøre situasjonen enklere for pasienten, lette presset på legene og samtidig gi en gevinst i form av større effektivitet. Kiropraktoren bør av samme grunn ha en viss adgang til å sykmelde en pasient.

I dag må pasienten ha anvisning fra lege til kiropraktisk behandling for å få refusert honoraret fra Trygdeverket. Bare om lag tretti prosent av kiropraktorens pasienter har en slik anvisning. Denne ordningen fører til sterke geografiske ulikheter, avhengig av om legene i et bestemt distrikt henviser til kiropraktor eller ikke. Dette er urettferdig overfor pasientene som har betalt sin syketrygd og som på denne måten selv må betale for sin behandling.

Forbrukerrådet ber også departementet om å arbeide for å bedre samarbeidsformer mellom leger og kiropraktorer til beste for pasientene.

NYTT FRÅ ÅL

Å skulestyre har i møte gjort slike vedtak:

— Elisa Berg Bråtalen, Sigrun Thorsen og Arild Olsen er tilsett som vikarar ved Ål ungdomsskule med henholdsvis 10, 8 og 5 timer pr. veke.

— Arnfinn Noss er tilsett som lærar i motorkunne ved Ål ungdomsskule. — Eva Tøn er tilsett som symjevakts ved Nedre—Ål skule.

— Aud Mari Sorteberglien er tilsett i vikariat som reinhaldsassistent ved Nedre—Ål skule.

— Gunhild Bøygard er tilsett som vikar ved sjukdom i reinhaldsstilling ved Ål ungdomsskule.

— Sylvia Åsegård er tilsett som vikarierande reinhaldsassistent ved Ål ungdomsskule.

— Undervisningsutvalet har vedteke framlegg om at Kari Andresen skal tilsettast som pianolærar ved Ål musikkskules avdeling i Nordbygden.

Formannskapet i Ål har i møte vedteke slike framlegg:

Busteteigen friareal

Formannskapet rår til at Ål kommune får konseksjon på leige av Busteteigen friareal.

Egon Leren

har fått løyve til sal av jarnvarer til landbruk og småindustri utanom salstad.

Jellheim

Formannskapet går inn for sikring mot snøras i tillegg til den planlagde oppussinga av huset. Leigetakaren Aud Berit Johannessen har fått løyve til enkel severng i huset som er nytta til butikk/galleri.

Fri stikking

Formannskapet i Ål gjev fri stikking av gardsveg til eigedomene Opheim (Embriks-garden). Eigard er Sigurd O. Sollien.

Valgodtgjersler

Formannskapet har vedteke at ordførar Knut Haug som formann i valstyret skal få ei godtgjersle på 3.000 kroner. Sekretæren i dette styret får 1500 kroner, og tellekorpsset og resten av valstyret får 200 kroner for arbeidet med oppretteljing av stemmene valkveldene.




■ Ved ein iherdig dugnadsinnsats har golingane greidd å bygge sentralidrettsanlegget for godt under kostnadsoverslaget.

■ Toril Nyborg f.v., Per Lie og Grete Golberg klar til start på den nye friidrettsbanen. Dei tre håpar at det nye anlegget vil føre til større interesse for friidrett i Gol.



■ Formann i byggenemnda, Oskar Gjestemoen og ung doms- og idrettssekretær, Jon Brunborg studerer kunstgraset. Dersom ein reknar brukstida, tilsvrar kunstgrasbanen mellom 10 og 15 vanlege grasbanar.



Bruk bil-beltet

